



Møteprotokoll

Utval:	Næring, teknisk og miljøutvalet
Møtestad:	Formannskapssalen, Sande Rådhus
Dato:	29.04.2026
Tid:	kl 13.45 - 17.00

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Petter Gunnarstein	FRP	leiar
Sindre Slettestøl	H	nestleiar
Geir Torsvik	AP	medlem
Nina Myklebust Løddøen	H	medlem
Liv Sæther Myskja	SP	medlem

Andre som møtte

Einar Ekroll, varaordfører

Røysteføre: 5

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Tove Cathrine Kvamme, fagleiar politisk sekretariat

Helge Kleppe, sivilingeniør teknisk og landbruk

Marte Storegjerde, fagleiar teknisk og landbruk

Ronny Prozenko, avdelingsleiar teknisk og landbruk

Karin Sivertstøl, byggesaksbehandlar teknisk og landbruk

Lilly-Arlen Kvalsund, kommunalsjef oppvekst og kultur - møtte til sak 15/26.

Kjell Hauge, ingeniør teknisk og landbruk - møtte til sak 15/26.

Pause 15.50 - 15.55.

Til å lese igjennom protokollen vart Geir Torsvik og Sindre Slettestøl valde.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 09/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/944
PS 10/26	Godkjenning av protokoll	26/944
PS 11/26	Spørsmål	26/944
SP 01/26	Spørsmål	23/1440
PS 12/26	Orienteringar	26/944
PS 13/26	Referatsaker	26/944
PS 14/26	Delegerte saker	26/944
PS 15/26	Framtidig organisering av oppvekststruktur i Sande kommune	26/403
PS 16/26	Gjerdsvika VB - Reservevassleidning til Sædalsvatnet Unnateke offentlegheita	24/441
PS 17/26	Larsnes Fiskerikai-Oppstart	26/140
PS 18/26	Samarbeid om tilsyn av spreidd avløp	24/941
PS 19/26	Sivertstøl Film - Søknad om kommunalt næringsfond	26/128
PS 20/26	Gnr 63 bnr 3 og 13 - søknad om konsesjon - Leonard Harøy	26/853

Larsnes, 29.04.2026

Petter Gunnarstein
leiar

PS 09/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 10/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjent.

PS 11/26 Spørsmål

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Spørsmål

Vedtak:

Spørsmål vart samrøystes teke til vitande.

SP 01/26 Spørsmål

Behandling:

Spørsmål frå Petter Gunnarstein, Frp:

Hva skjer med kaien på Kvamsøya mellom Sande kommune og Kystverket. Stemmer det at det er ventegodtgjørelse på 13 500 pr dag på prosjektet? Kommunen skulle ta et standpunkt innen 11.02.2026 for hva kommunen ville gjøre med kaien. Må Sande kommune betale noe av dette?

Teknisk sektor svara: Nei, dette er avklara med Kystverket.

Er saken på oppryddingen fremme i Kvennhusdalen oppgjort og ferdig? Fikk Sande kommune noen utgifter på dette prosjektet?

Teknisk sektor svara: Nei. Utgifter knytt til oppryddinga er det sendt refusjon til grunneigar Det pågår vidare ei sak knytt til grunnforureining.

Advokat utgifter. Ser at det blir brukt mye advokat i kommunen. Hva har teknisk avdeling i advokat kostnader pr. år?

Teknisk sektor svara: Mesteparten av utgifter så langt i år når det gjeld advokatutgifter gjeld uavklart/ueinigheit med Vanylven kommune avtale om vassforsyning og avtale reserveforsyning Sædalsvatnet og Tussa energi.

Brannbilen. Hva skjer med den? Det er politisk bestemt sak 13/26 at Sande kommune skal ta imot gaven fra Beitveit AS. Hva skjer med utviding av garasjen på Kvamsøya? Kan ikke se at noe blir gjort med denne saken.

Teknisk sektor svara: Det pågår eit arbeid knytt til Ros analyse. Denne skal avklare forholdet til sjåførsituasjon. Vidare skal det gjennomførast eit møte depotstyrken og Beitveit knytt til vidare framdrift herunder økonomiske/driftsmessige forhold.

Ønsker litt informasjon om brakkeriggene som har fått avslått søknaden fra Sande kommune. Er ikke dette i et Næringspark område og noe avses fra lokalbebyggelsen? Brakkeriggene er viktig for næringslivet i Sande. Når de to største industribedriftene i kommunen reagerer på utviklinga og mangel på dialog fra teknisk avdeling opp mot næringslivet så har vi et problem. Skal vi ikke holde næringslivet vårt oppe/ ivareta i kommunen vår?

Teknisk sektor svara: Søknaden til oppføring av brakkerigget har vore mangelfull (ikkje søkt dispensasjon frå arealformålet) og tiltaket er påklaga av dei fleste innbyggjarane i området. Det er vidare avtala eit møte med Larsnes Mek og Myklebust Mek om den generelle utfordringa knytt til å etablere brakkeriggar i industriområder.

Hvor er vi i dialogen med vei til småbåthavnen på Kvamsøya. Saken som ble utsatt fra kommunestyre. Har det vært dialog? Veien videre her?

Teknisk sektor svara: Sande kommune v/teknisk sektor har arbeidd med saka, men mangler tilbakemelding frå Brimer Holding som bekrefter at dei dekker kostnader med riving av eldre hus og kjøp av grunn som vart opplyst på møte i januar. Tilbakemelding er etterlyst fleire gonger.

Er det virkelig slik det skal vere? Ref. Håkon Vestnes. Ønsker en gjennomgang på prosessen for godkjenning av fotballhallen. Var selv på visning av skolen og ser det er begynt graving på hallen. Det var kommet langt på vei for å til rette legge for forskaling. Er den politisk godkjent for oppstart? Eventuelt når? Er det forskjell på behandlingssaker på det so skjer på Larsnes enn resten av kommunen? Så ser en at det kommer løyve til tiltak som er datert 14.04.2026. Er dette datert tilbake siden Håkon kom med sitt utkast? Har fått mange telefoner av folk som er skikkelig sinte for at de føler seg forskjell behandlet grunnet behandlingstider.

Teknisk sektor svara: Tilretteleggande arbeid har vore i samsvar med regelverket. Søknaden (ett trinn søknad) frå Mulvik AS var komplett utan behov for dispensasjon og rett til behandling innan 3 veker. Dette skil denne saka frå mange andre saker der det er behov for utfyllande opplysningar og dispensasjon. Denne type saker er delegert til administrasjonen. Inhabitetsforhold har vore avklara med Statsforvaltar i forkant.

Ble kontaktet av Terje Skoge på ny vassledning til 3 abonnementer i sammenheng til graving til hovedvassledningen. Har Sande Kommune mottatt krav fra han? Er arbeidet utført i henhold til avtalen?

Teknisk sektor svara: Sande kommune kontakta Terje Skoge i 2024 om moglegheit for å grave gjennom hans eigedom med kommunale leidningar, det vart inngått ei semje om dette i 2025. Sande kommune har funne ei alternativ løysing å legge leidningsanlegget på kommunal grunn, og har derfor gitt grunneigar skriftleg tilbakemelding om at kommunen ikkje lengre har behov å nytte hans eigedom til leidningsanlegg.

Spørsmål frå Sindre Slettestøl, H:

Status på veg i frå Stadt til småbåthamna i Gjerdsвика. Prosjektet starta med at vatn skulle leggst fram til småbåthamna, så ble det å sjå på ei løysing med å kombinere dette prosjektet med ein ny veg. Bygda har sagt at dei kan bidra med kr. 300 000 for å få til dette. Vatn til

småbåthamna var kostnadsberekna til kr. 350 000 eks. mva. i 2023. Er det gjort noko analyse kva dette vil koste?

Teknisk sektor svara: Det er gjennomført eit grovanslag i 2023 før endeleg reguleringsarbeidet og anslaget er ikkje lenger realistisk i 2026.

Om veg ikkje er mogleg å finansiere, vil vatn verte framført til småbåthamna?

Teknisk sektor svara: Det kom inn ynskje om bygging av veg i samband med prosjektet. Det måtte då gjennomførast reguleringsplanarbeid som vart endeleg godkjent våren 2026. Det føreligg ikkje investeringsmidlar i 2026 for gjennomføring av tiltak med bygging av veg. For å få økonomisk gevinst bør tiltaka gjennomførast samla.

Er det dialog med Tussa om å reparere vegen som er meir eller mindre øydelagt i frå hovudvegen og oppover mot Sædalen? Vegen her, ca. 150 meter er heller dårleg etter mykje køyring med lastebilar etter prosjekt i Sædalen.

Teknisk sektor svara: Dette må takast opp med veglaget.

Drenerings / overvatn problemer i Haugsbygda (Victor Hauge) er her noko nytt?

Teknisk sektor svara: Sande kommune v/teknisk vil arbeide vidare med denne saka i samsvar med vedtak i kommunestyret knytt til temaplan avløp.

Kva kan vi gjere for å unngå "søppelbål" i Sande kommune?

Teknisk sektor svara: Kvar vår vert det laga artikkel på heimesida om dette forholdet. Det vil verte arbeidd vidare med informasjonsarbeid knytt til dette. Dersom kommunen får informasjon om enkeltforhold kan vi opprette forureiningssak.

PS 12/26 Orienteringar

PS 13/26 Referatsaker

PS 14/26 Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
129/25	Løyve til tiltak - oppføring av garasje, endringar - Haugsbygda 248 - gnr 12 bnr 39
21/26	Delegert vedtak - gnr 28 bnr 9 - Hallebygda 102 - utsleppsløyve etter forureiningslova
22/26	Delegert vedtak - gnr 82 bnr 3 - Skredestranda 126 - utsleppsløyve etter forureiningslova
23/26	Ferdigattest - Oppføring av naust og flytebrygge - melding om ferdigstilt tiltak - Larsnesvegen - gnr 86 bnr 26
24/26	Ferdigattest - Budavegen 48 - gnr 11 bnr 70

25/26	Ferdigattest - Riving av drivstoffanlegg - Sandshamna 76 - gnr 73 bnr 39
26/26	Avslag på søknad om flytebrygge - Mikkolholmen - gnr 68 bnr 46
27/26	Ferdigattest - Tilbygg til fritidsbustad - Skare 52 - gnr 64 bnr 42
28/26	Løyve til tiltak - Riving platehall Larsnes Mek Verksted AS - Larsnesvegen 117 - gnr 87 bnr 2
29/26	Delegert vedtak - Kvennhusdalen 13 og 15 - tilknytning til vatn og avløp
31/26	Klage på vedtak er ikkje teke til følge - Utlekking av mellombels flytebrygge - gnr 28 bnr 32
33/26	Endringsvedtak - Endring av bygg og fasader, tilbygg og garasje - Gjerdsvikvegen 369 - gnr 6 bnr 6
34/26	Avslag på søknad - Myklebustmyrane - gnr 18 bnr 93
35/26	Løyve til felling av skadegjerande grågåss på Voksa
36/26	Mellombels bruksløyve - Bygging av einebustad - Leina 32 - gnr 73 bnr 152
37/26	Ferdigattest - Bruksendring - Indre Rågot 16 - gnr 6 bnr 212
38/26	Avvisningsvedtak - Riving av låve - Nøresande 175 - Gnr 71 bnr 1
39/26	Løyve til tiltak - Nytt bygg, lagerhall - Larsnesvegen 117 - gnr 87 bnr 2
40/26	Løyve til tiltak - Antennesystem over 5m - Sandvika 131 - gnr 24 bnr 1
41/26	Løyve til tiltak - Nybygg - Garderobe og spiserom - Larsnesvegen 115 - gnr 86 bnr 24
42/26	Løyve til tiltak - Vesentleg terrenginngrep, veg og riving av bygg - Hallebygda - gnr 30 bnr 21
43/26	Løyve til felling av skadegjerande grågåss - Sandsøya
44/26	Løyve til tiltak - Fotballhall - Vardane 20 - gnr 87 bnr 24
45/26	Løyve til tiltak - Oppsetting av 3 rotorar - Gjerdsvikvegen 402 - gnr 6 bnr 135
46/26	Løyve til tiltak - Oppføring av garasje - Myrdalen 59 - gnr 54 bnr 17
47/26	Ferdigattest - Gjerdsvikvegen, 6083 Gjerdsvika - Gnr 6 bnr 209
48/26	Løyve til tiltak - Reprasjon av branncellebegrensande bygningsdelar - Larsnesvegen 118B - gnr 86 bnr 32

Vedtak:

Delegerte saker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 15/26 Framtidig organisering av oppvekststruktur i Sande kommune

Vedtak:

Næring-, teknisk og miljøutvalet tilrår:

1. Skulestruktur

- Gursken skule (1.-7. trinn) Larsnes skule (1.-7. trinn) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (8.-10. trinn) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8.-10 trinn), frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leing og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

2. Barnehagestruktur

Barnehagestrukturen vert uendra, men kommunedirektøren vil innanfor arbeidsgivar sin styringsrett vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

3. Kulturutvikling

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule. Lokala i Gursken kan framleis nyttast til musikk- og aktivitetsrom for SFO.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktingtenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivilligheit og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsretta biblioteksdrift, inkludert:
 - interkommunalt samarbeid
 - «Meiråpent»-løysing med beteningsfri opningstid
 - framtidig lokalisering

4. Budsjett og økonomiplan legg til grunn ei innsparing på 2,5 millionar kroner knytt til oppvekststrukturen i 2026. Ei utsetjing av endringane til januar 2027 inneber at innsparingskravet må realiserast i skulen gjennom redusert bemanning frå hausten 2026.

5. Kommunedirektøren får mynde til å legge korrigerert forskrift om skulekrinsgrenser på høyring, i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

Behandling:

Kommunalsjef for oppvekst og kultur og ingeniør teknisk sektor orienterte om saka.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Skulestruktur

- Gursken skule (1.-7. trinn) Larsnes skule (1.-7. trinn) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (8.-10. trinn) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8.-10 trinn), frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leing og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

2. Barnehagestruktur

Barnehagestrukturen vert uendra, men kommunedirektøren vil innanfor arbeidsgivar sin styringsrett vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

3. Kulturutvikling

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule. Lokala i Gursken kan framleis nyttast til musikk- og aktivitetsrom for SFO.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktingtenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivilligheit og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsretta biblioteksdrift, inkludert:
 - interkommunalt samarbeid
 - «Meiråpent»-løysing med beteningsfri opningstid
 - framtidig lokalisering

4. Budsjett og økonomiplan legg til grunn ei innsparing på 2,5 millionar kroner knytt til

oppvekststrukturen i 2026. Ei utsetjing av endringane til januar 2027 inneber at innsparingskravet må realiserast i skulen gjennom redusert bemanning frå hausten 2026.

5. Kommunedirektøren får mynde til å legge korrigert forskrift om skulekrinsgrenser på høyring, i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

PS 16/26 Gjerdsvika VB - Reservevassleidning til Sædalsvatnet

Unnateke offentlegheit.

Vedtak:

Næring-, teknisk og miljøutvalet tilrår:

1. Sande kommune startar bygginga av eit nytt reservevassanlegg for Gjerdsvika vassbehandlingsanlegg. Alternativ A – pumpeanlegg i Sædalsvatnet – er valt som vassløyising.
2. Prosjektet har ein kostnad på 4,4 millionar kroner og skal finansierast gjennom investeringsprosjektet *Oppgradering av vassleidningsnett (vassplanen)* i 2026 og 2027. Finansieringa skjer innanfor sjølvkostområdet vatn i Sande kommune.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Sande kommune startar bygginga av eit nytt reservevassanlegg for Gjerdsvika vassbehandlingsanlegg. Alternativ A – pumpeanlegg i Sædalsvatnet – er valt som vassløyising.
2. Prosjektet har ein kostnad på 4,4 millionar kroner og skal finansierast gjennom investeringsprosjektet *Oppgradering av vassleidningsnett (vassplanen)* i 2026 og 2027. Finansieringa skjer innanfor sjølvkostområdet vatn i Sande kommune.

PS 17/26 Larsnes Fiskerikai-Oppstart

Vedtak:

Næring-, teknisk og miljøutvalet tilrår:

Sande kommune startar ikkje opp prosjekt Larsnes fiskerikai i 2026.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding fekk 2 røyster og fall (Ap, Sp)
3 røysta imot (H, Frp).

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Sande kommune startar opp og ferdigstiller prosjekt Larsnes fiskerikai i 2026.
2. Prosjektet skal finansierast innanfor avsett ramme i godkjent investeringsbudsjett for 2026, prosjekt "Kai og brygge Liv", og slik det elles går fram av saksutgreiinga knytt til rebudsjettering.

PS 18/26 Samarbeid om tilsyn av spreidd avløp

Behandling:

Saka vart trekt frå administrasjonen si side.

PS 19/26 Sivertstøl Film - Søknad om kommunalt næringsfond

Vedtak:

NTM-utvalet godkjenner kostnads- og finansieringsplan.

NTM-utvalet gjer vedtak om kr 25.000 i tilskot frå kommunalt næringsfond.

NTM-utvalet viser elles til vilkår for slike tilsegn

Behandling:

Vurderingar som vart gjort i forbindelse med felles framlegg og vedtak:

Kostnads- og finansieringsplan kan godkjennast.

Søknaden er retta mot eit prosjekt der formålet er å anskaffe nytt produksjonsutstyr for TV-produksjonar. Med den kompetanse, nettverk og referansar firmaet har opparbeidd seg over tid er det grunn til å tru at føretaket skal kunne vidareførast og styrkast.

NTM-utvalet gjer vedtak om kr 25.000 i tilskot frå kommunalt næringsfond, med bakgrunn i at selskapet sansynlegvis ikkje genererer fleire arbeidsplassar.

PS 20/26 Gnr 63 bnr 3 og 13 - søknad om konsesjon - Leonard Harøy

Vedtak:

Det vert vist til konsesjonslova §§ 1 og 9, og gitt konsesjon til Leonard Harøy på gnr 63 bnr 3 og 13.

Etter § 11 vert det sett vilkår om at søkjar oppfyller buplikta innan 5 år.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Det vert vist til konsesjonslova §§ 1 og 9, og gitt konsesjon til Leonard Harøy på gnr 63 bnr 3 og 13.

Etter § 11 vert det sett vilkår om at søkjar oppfyller buplikta innan 5 år.

Møtet slutt kl 17.00